

**KONTROLLUTVALET I  
ØRSKOG KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 9. mai 2010 kl 08.45  
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Knut Sjørdal

= 2 voterande

Unni Eide hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå Ørskog kommune møtte rådmann Anders Grotle, teknisk sjef Martin Iversen og rekneskapsansvarleg, Svein Inge Alnes.

Avdelingsingeniør Asbjørn Eide møtte i sak 04/11.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. DESEMBER 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. desember 2010 blir godkjent.

**SAK 02/11**

**ÅRSMELDING 2010 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Ørskog kommune til orientering.

**SAK 03/11****KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

**SAK 04/11****STATUS FOR VEDTAK I SAK 14/10**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011

Rådmannen orienterte om årsaker til at kontrollutvalet ikkje hadde blitt orientert. Tidsmessig har administrasjonen vore i ein ekstrem situasjon og denne saka hadde ikkje blitt gitt høg nok prioritet. Han opplyste at kommunen var i ferd med å utvikle eit dokumentasjonssystem for offentleg kjøp. Dette systemet vart vist fram i møtet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om svar innan 01.06.2011.

**SAK 05/11****FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM PRAKTISERING AV  
FORVALTNINGSLOVA I ØRSKOG KOMMUNE MED OMSYN TIL  
SVARFRISTAR PÅ INNGÅANDE KORRESPONDANSE  
(Saka kom opp under eventuelt)****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set frist for ferdigstilling til 15.07.2011.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Knut Sørdal  
medlem  
(sign.)